

Vilkår for utvikling av Ryfylke

Verksemder trur på vekst – treng kompetanse!

«(...) Eg treng folk som er flinkare enn meg til visse ting, men eg kan ikkje tilsetja utan at eg er sikker på nok inntening til å betala løn. Eg er ganske sikker på at eg har vekstpotensiale»

Regionutviklinga i Ryfylke står og fell på drivkrafta i arbeidslivet. Denne pulsen er avgjerande å kjenne på. Kva veg tyngst nå? Framtidstru eller pessimisme? Korleis er vurderingane hos dei som har skoa på ?

For å få eit inntrykk, er det gjennomført to parallelle undersøkingar i Ryfylkekommunane i februar og mars 2017. Dei byr på innsikt om status i Ryfylke.

Samandrag

Arbeidslivet i samtlege kommunar vart utfordra på framtidsscenarier fram mot 2025 og behov for tilførsle av kompetanse.

Undersøkingane skal gi grunnlag for å samordne regionalt opplærings- og utdanningstilbod med kompetansebehov i nærings- og arbeidslivet. Føremålet er at verksemdene i Ryfylke kan bygge konkurransekraft på kort og lang sikt

Deltaking ved volum og breidde er vurdert til å dekke arbeidslivet i Ryfylke, og undersøkingane kan tilleggjast vekt.

Resultata har sikra innspel til pågåande utviklingsprosjekt ved Sauda vidaregåande skule og til vidareutvikling av UiR-samarbeidet.

Dei vidaregåande skulane i Ryfylke ønskjer også i framtida å vere førstevalet for lokal ungdom og framleis sentral bidragsytar ved rekruttering til lokalt arbeids- og næringsliv.

Undersøkingane kartla følgjande:

- kompetansebehov i arbeidslivet fram mot 2025
- viktigaste opplæringstilbod ved dei vidaregåande skulane i dag
- behov for nye opplæringstilbod
- vilkår for å lukkast med framtidig kompetanseutvikling

Samanfallande funn og tendensar

- Verksemdene peikar på høve for vekst både i tal på tilsette og tilbydde produkt og tenester (50-60% svarer fleire produkt og tilsette enn i dag)
- Verksemdene peikar på eit sterkt aukande behov for kompetanse frametter (70-80% svarer meir enn i dag)
- Ein tredel av verksemdene dreg fram opplæringstilbodet studiespesialisering som viktigast for si verksemd
- Blant yrkesfaga står særleg bygg og anleggsteknikk og teknikk og industriell produksjon fram som dei mest etterspurde opplæringstilboda

- Eit viktig funn er at verksemdene saknar sitt viktigaste opplæringstilbod regionalt (32% seier det).
- Digital kompetanse og entreprenørskap framstår mest etterspurt som ny, samansett kompetanse for verksemder i Ryfylke (65% og 45%).
- Verksemder i Ryfylke varslar stort behov for fagutdanna kompetanse (fagbrev) og for kompetanse på universitets- og høgskulenivå frametter (65% og 45%)

Utviklingstrekk arbeidslivet i Ryfylke

- Stor optimisme i verksemdene
- Sterk tru på vekst og auka verdiskaping i regionen
- Stort behov for tilført ny kompetanse
- Tilboda ved dei vidaregåande skulane avgjerande for rekruttering
- Openberre manglar ved opplæringstilbodet i regionen
- *Tilbodet ved dei vidaregåande skulane må utviklast både med omsyn til fagområde og nivå*

Tiltak og nye høve

- Tilby breitt opplæringstilbod både for ungdom og vaksne
- Organisere fleksibel opplæring tilpassa arbeids- og livssituasjon
- Tilføre relevant kompetanse i samsvar med behov i arbeidslivet
- Vidareutvikla og fornya eksisterande opplæringstilbod i samråd med regionalt nærings- og arbeidsliv
- Utvikla nye opplæringstilbod etterspurd av næringslivet
- Styrke samhandling og samarbeid mellom dei vidaregåande skulane i Ryfylke
- Forsterke samarbeid med tilbydarar av utdanning på ulike nivå
- Etablere nye arenaer for samarbeid mellom offentlege tenester og private verksemder

Sitat: Tilhøve som er viktig for verksemda di mot 2025

«Viktig med UIR, dette har vi brukt og fått ekstra kompetanse på.»

«Tett dialog (årlig) mellom bedrifter og utdanningsinstitusjon for å avstemme behov i nåtid og framtid.»

«Språkferdighet: Norsk og Engelsk, skriftlig og muntlig. Dette gjelder alle fagområder og nivå.»



Torkel Myklebust
Dagleg leiari Ryfylke IKS
+47 414 47 800

[«Det viktige samfunnsoppdraget»](#) Lenke til artikkel i Innovasjonsbloggen til Innovasjon Norge. Om dei vidaregåande skulane si rolle som regionale kompetansesentra og sentrale kompetanse-arbeidsplassar i distrikta.